

Valda i Sogndal kommune

Informasjon om tildeling av hjort 2024

Vilforvaltninga i Sogndal kommune nyttar høve til litt informasjon om tildelinga og fellingsavgift som er gjeldande for 2024.

Fleire vald i kommunen har låg avskytingsprosent. Det er viktig at sjølv om valdet har låg avskyting at kjønns- og aldersfordeling på uttaket dykkar er likast mogleg tildeling. Dersom vi finn at fellinga er skeivfordelt i kjønn, må vi vurdere og endre tildelinga. Endringa kan då skje i form av færre tildelte løyve og endra kjønns- og aldersamansetting. Dette gjer vi for å få best mogleg forvaltning av hjortestammen.

Kommunen har som dei to siste åra søkt om, og fått løyve til innføring av fri kvote på hjortekalv for 2024. Informasjon om kontroll av ordninga samt rapportering og anna relevant informasjon, vert sendt til valdansvarleg like før jaktstart.

Fellingsavgifta for 2024 er 270 (kalv) og 450 (dyr eldre enn kalv). Denne vert fakturert valda etter rapporteringsfristen som er 10 dagar etter jaktslutt.

Med helsing
Sogndal kommune

Finn Olav Myhren
Viltforvaltninga

Brevet er elektronisk og er utan underskrift.

Kopi til:

Vedlegg: